

Camilla (26) og Joar (28) fann kjærleiken og flytte til Valdres



FLYTTE HEIM: Camilla Skjeggerød Jakobsen (26) (t.v.) og øystreslidringen Joar Robøle Hoberg (28) har flytta heim. No blir dei naboar til ordførar Odd Erik Holden om ikkje lenge. Foto: Eva Gikling / Aura Avis

Av [Geir Helge Skattebo](#)

Publisert: 22.01.23 05:50

[Del](#)

Øystreslidringen Joar Robøle Hoberg (28) og sambuaren Camilla Skjeggerød Jakobsen (26) valde å slå seg ned i Valdres. No byggjer dei bustadhus og har fått seg jobbar på Beitostølen.

For abonnentar

BEITOSTØLEN: Etter to år som drivarar ved Phillipshaugen Lodge i Øksendal, vender Joar Robøle Hoberg og Camilla Skjeggerød Jakobsen nasen mot Valdres.

Det unge paret har arbeidd innan restaurant- og overnatting i Møre og Romsdal dei siste to åra.

– Vi har lært så mykje på den tida og er godt nøgde med det vi har oppnådd på Phillipshaugen. Men vi lengtar sørover mot familie og vener. Vi fekk tilbod om to gode jobbar på Beitostølen og ser på dette som eit steg vidare i jobbkarrieren vår, uttala paret til [Aura Avis](#) i fjor.

No har dei byrja i jobbane sine i Valdres.

Begge fekk jobb i Resorten

Både Camilla og Joar har fått jobbar i Beitostølen Resort. Medan Camilla blir prosjektleiar, skal Joar vera «Resort manager». Det er ei nyopprettet stilling med ansvar for 2500 senger å leige ut.

– Det er stas at vi har lukkast med å lokke heim ein svært kompetent kar, som til og med er fødd og oppvaksen i vår eigen kommune, seier adm.dir. Atle Hovi i Beitostølen Resort i ei pressemelding.

Han legg til at Joar, kjend for å spela fotball, også er ein lagspelar. Då veit han også kvar målet står, meiner Hovi.

Det var i Sogndal at Joar og Camilla møttest, for det var der dei studerte både to. Der vart dei utdanna med ein bachelor i reiselivsleiing.

– Ho kjem frå Andebu i Sandefjord, fortel Joar, som sjølv er oppvaksen i Robøle i Øystre Slidre. Der bur foreldra Øyvind Robøle og Anita Hoberg. Den fire år eldren Audun har slått seg ned i Orkanger.

Arbeider saman

Både Joar og Camilla blir jobbende saman i Beitostølen Resort.

Medan han får jobben med å fylle sengene, skal ho i prosjektstillinga arbeide innan bedrifts- og gruppemarknaden. Det er booking det handlar om.

– Vi har ein offensiv strategi, uansett om det er tøffe tider eller ikkje, seier Atle Hovi, som har over eit hundre tilsette i selskapet.

– Vår filosofi vil alltid vera å rekruttere dei beste medarbeidarane, legg Hovi til.



FEKK JOBB: Både Camilla og Joar blir jobbende saman i Beitostølen Resort. Medan han får jobben med å fylle sengene, skal ho i prosjektstillinga arbeide innan bedrifts- og gruppemarknaden. Foto: Destinasjonkirurgene

Blir naboar til ordføraren

Joar fortel til avisa Valdres at dei skal byggje seg hus.

– Vi har kjøpt oss tomt i Solhauglie i Rogne og skal byggje der. Vi blir faktisk nærmeste naboar til ordføraren, fortel Joar.

Og, det er eit spanande prosjekt sambuarparet er i gang med.

– Det er eit ferdighus frå Sverige, som nærmast blir sett opp på ein dag.

Älvsbyhus blir bygd på staden med lokalt trevirke, før det blir flytta og sett opp her. Det er dermed ganske berekraftig. Deretter er det eit månads tid med å montere alt elektrisk og liknande, fortel Joar.

Bustadhuset blir tett på både skule- og barnehage, med tanke på framtida.



LAGSPELAR: Joar Hoberg reiste ut og tok seg utdanning i Sogndal. No har han flytt heim med sambuar og slått seg ned i kommunen. Foto: Destinasjonskirurgene

Fire år utan fotball

Joar var ein lovande fotballspelar og trente saman med A-stallen til seniorlaget til Sogndal i si tid. Det vart også mange kampar for både Sogndal 2 og Fjøra i serien.

– Det er eit lite nålauge å nå opp i toppfotballen, men det var moro å vera med. No har eg ikkje spelt fotball på fire år, så eg er nok litt rusten. Men, eg har byrja å trenere med Valdres FK, seier Joar.

Dermed kan Valdres herrelag i 4. divisjon ha sikra seg ein god offensiv spelar. Øystre Slidre kommune har også fått seg nye innbyggjarar og Beitostølen Resort nye tilsette.